



*Ulla Skulehus*

*Skipa 11. april 2009*

*Haramsøy*

*Bygd i 1886*

---

## ÅRSMELDING 2012/2013

### 1. Årsmøte 9. juni 2012

Årsmøtet vart halde på skulehuset. Møtet gjekk greit.

### 2. Styremøte 2012/2013

Styret har hatt 1 møte siste året.

### 3. Kulturelle aktivitetar

Vi har hatt ein kulturell aktivitet i 2012. Klæberget hadde også i år sommarbutikk med sal av heimelaga produkt under Ulla-festen siste helga i juli. Det var mykje folk innom og kjøpte seg fine og nyttige ting. Det var sett opp telt utanfor skulehuset med sal av kaffi og kaker. Ulla Skulehus fekk kr 3000 i inntekt av sal av kaffi og kaker frå Klæberget.

### 4. Dugnad og vedlikehald

Laurdag 5. mai 2012 var det dugnad på skulehuset. Dei to vindauga mot sør vart skifta. Ekstra takk til Helge Ulla som hadde hovudansvaret for jobben. I tillegg skifta vi glasruter som vart knuste i stormen og skrapa og fiksa ein del utvendig. I samband med årsmøtet var det ny dugnad. Vi gjorde ferdig listing av vindauge innvendig og sette på golvlister i klasserommet.

### 5. Økonomi

Vi har pr 30. april 2013 til saman 70 medlemmer. Vi hadde inntekt av medlemskontingent og sal av vaflar og kaffi i samband med Ulla-festen og inntekt frå Klæberget. I siste året var det eit overskot på drifta på kr 13139. Ved utgangen av rekneskapsåret 30. april 2013 var det kr 27814,00 inneståande på bankkontoen. Sjå rekneskap for 2012/2013.

Sjå elles fullstendig dokumentasjon på heimesida: [ullanett.com](http://ullanett.com)

For styret 18. mai 2013

Knut Hallvard Ulla  
styreleiar og kasserar